



Ocean Industries Services AS  
Vabøvegen 221

5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/268 - 16/33836

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2016

## Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Ocean Industries Services AS

Jorunn K Fosse

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
153/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

## Ocean Industries Services - søknad næringsfond

### Vedlegg :

Søknad om tilskotSkriv frå COSL Drilling Europe ASresultset\_4378\_2\_vedlegg2RapportVedlegg4 - teikningKopi av søknaden

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet løyver 250.000kr til omsøkt prosjekt «Maxi Washpipe til topdrive».

### Formannskapet - 153/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Formannskapet løyver 250.000kr til omsøkt prosjekt «Maxi Washpipe til topdrive».

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

### Bakgrunn

Ocean Industries Services med hovudkontor i Lindås og med aktivitet/verkstad i Austrheim kommune tett opp mot kommunegrensa i Lindås (Litlås), er ei forholdsvis nyetablert verksemd.

Prosjektet verksemda arbeidar med no er utvikling av ei ny løysing for washpipe til drillingaktørar. Washpipe er ein sårbar «svivel», ein innretning i sjølve borestrengen som vert belasta under boreoperasjonar/bruk. Eksisterande washpipe har ei gj.snittleg levetid på cirka 200 timar, medan foreløpige testar med OIS si løysing ligg på over 600 timar. Dette vil då redusera kostnadstimar for drillingaktørane, medan OIS får moglegheit til å kommersialisere løysinga og nytte denne i sal ovanfor andre aktørar.

Innovasjon Noreg har alt vert inne og støtta marknadsavklaringsfase. Det er alt eit samarbeid med kundesida her iform av COSL drilling og det har også vert ein god dialog mot KCA Deutag.

I utviklingsfasen skal det omfattande testar til for å optimalisera produktdesign, inkl prototypebygging og til slutt lansering av kommersiell Maxi Washpipe.

Prosjektet har eit totalbudsjett på 1.000.000kr. Næringsfondet er beden om å bidra med 250.000kr (25%). Inn

## Vurdering

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Det er og nokre kapitalgrenser som er satt i retningslinjene til fondet.

Arbeidet er klart utviklingsretta og kan føre til vekst og verdiskaping på Mongstad. Spesielt relevant er det at prosjektet er såpass teknologitungt, det er sterkt ønska at Mongstad vert enno tyngre posisjonert i teknologileveransar og utviklingsarbeid og difor er dette prosjektet sterkt ønska. Ikkje minst er prosjektet tungt marknadsorientert og har alt bygd opp gode industrielle nettverk, det er ein styrke for prosjektet at det er såpass forankra ute i samarbeid med marknaden. Prosjektet er eit nybrotssarbeid, slik at kompetanse og læring vert utvikla undervegs. Prosjektet er gjennomgåande vurdert til å score høgt på samtlege kriterier satt i retningslinjene til fondet (nevnt ovanfor).

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Prosjektet vil også stimulere positivt spesielt kva gjeld punkt 1 og 4.

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

I og med at verksemda held til driftsmessig til i Austrheim kommune vil og Lindås kommune

oppmode Austrheim kommune om å vurdere eit økonomisk bidrag til prosjektet. Kopi av denne saksinnstillinga vert difor og sendt Austrheim kommune.

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

.....